



Spørjeundersøking
frivillig sektor
Vestland fylke 2020

Informasjon

Dato: 26. januar 2021

Kontaktinformasjon:

Vestland fylkeskommune

Mie Dahl Pind, seksjon for statistikk, kart og analyse

Åge Avedal, seksjon for kunst- og kulturutvikling

Innhold

1) Samandrag	4
2) Introduksjon	5
Om rapporten	5
3) Metode	6
Metodediskusjon	7
4) Resultat	8
Kven er respondentane?.....	8
Frivillig sektor og korona.....	12
Kva område opplever organisasjonane som mest utfordrande?.....	15
Rekruttering.....	17
Inkludering og deltaking.....	20
Tilgang på lokale og arena.....	25
Synleggjering.....	26
Samarbeid	27
Kompetanse, nettverk og møteplassar	29
5) Vedlegg	31
Vedlegg 1: Spørjeskjema.....	31
Vedlegg 2: Distribusjonslista	34

1) Samandrag

Formålet med spørjeundersøkinga var å få vite meir om frivillig sektor i Vestland fylke. Undersøkinga skulle kartlegge organisasjonane sine styrkar og svakheiter innan rekruttering, inkludering, lokale og arenaer, synleggjering, økonomi, samarbeid, kompetanse, nettverk og faglege møteplassar.

Respondentane var éin tillitsvald eller tilsett frå organisasjonane sine fylkeslag / regionale lag. 64 av 92 mottakarar (70 %) har heilt eller delvis svart på undersøkinga. Vi bad respondentane om å svare utifrå ein normal-situasjon, i framover tida etter korona-krisa.

Dei viktigaste funna frå undersøkinga er at organisasjonane peikar på rekruttering av medlemmer generelt og medlemmer til verv, og inkludering av etniske/kulturelle minoritetar og menneske med nedsett funksjonsevne i aktivitetane som dei mest utfordrande områda. Sjå Figur 6: Svarfordeling på spørsmålet om i kva grad organisasjonane opplever følgjande område som enkelt eller utfordrande.

På spørsmålet om korona-pandemien sin effekt på den lokale og regionale aktiviteten svarar så godt som alle at dei har opplevd korona-pandemien som utfordrande eller svært utfordrande. Samtidig svarar over halvparten at dei trur det blir enkelt å gå tilbake til ein normalsituasjon etter at pandemien er over. Sjå Figur 4.

I tekstsvara til undersøkinga skriv mange av respondentane at dei ser eit behov for fleire møteplassar for frivillig sektor, i form av t.d. konferansar, seminar og forum for erfaringsutveksling. Vidare er det ein del som meiner det er viktig for frivillig sektor at det blir oppretta eit frivilligråd eller kulturråd i Vestland.

2) Introduksjon

I denne rapporten presenterer vi resultatene frå ei spørjeundersøking utført hos frivillig sektor i Vestland fylke.

I utfordringsnotatet for Vestland¹ er det trekt fram 10 hovudutfordringar. Ei av dei er «eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv». Her står det at ei utfordring for kultur- og idrettsfeltet å mobilisere til eit aktivt medborgarskap der den einskilde har tilgang på arenaer og aktivitetar slik at deltaking i samfunnet er mogleg. Ei anna utfordringa som vert trekt fram, handlar om å sikre eit likeverdig samfunn med like moglegheiter for alle.

Formålet med undersøkinga var å få vite meir om frivillig sektor i Vestland fylke. Undersøkinga skulle kartlegge organisasjonane sine styrkar og svakheiter innan rekruttering, inkludering, lokale og arenaer, synleggjering, økonomi, samarbeid, kompetanse, nettverk og faglege møteplassar.

Undersøkinga vart sendt ut til tillitsvalde og tilsette i organisasjonane sine fylkeslag / regionale lag.

Undersøkinga er gjennomført på initiativ frå Vestland fylkeskommune ved avdeling for kultur, idrett og inkludering, som del av arbeidet med å lage eit kunnskapsgrunnlag om frivillig sektor og frivilligstrategi for Vestland.

Om rapporten

I første kapittel av denne rapporten får lesaren eit kort samandrag av dei viktigaste funna frå undersøkinga. I kapittel 2 ser vi på det metodiske ved undersøkinga og i kapittel 3 er det gjort greie for korleis undersøking er gjennomført. I kapittel 4 presenterer og vurderer vi resultatene.

¹ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/rapportar-og-analysar-etter-tema/areal-bustad-handel-og-plan/vestland-utfordringar1.pdf>

3) Metode

Spørjeskjemaet er utarbeida av Vestland fylkeskommune. Utkastet til spørjeundersøking vart sendt til Frivillighet Norge for kommentarar, og det vart gjort enkelte justeringar på bakgrunn av deira tilbakemeldingar.

Spørjeskjemaet inneheldt ein del lukka² spørsmål innan emna rekruttering, inkludering, lokale og arenaer, synleggjering, samarbeid, kompetanse, nettverk og faglege møteplassar. I tillegg var det opne spørsmål der respondenten kunne skrive utfyllande kommentarar og komme med innspel. Sjå kapittel 5) Vedlegg.

Distribusjonslista er sett opp av avdeling for kultur, idrett og inkludering. Alle mottakarane vart kategorisert etter organisasjonstype; kulturorganisasjon, barne- og ungdomsorganisasjon, idrett-, friluft- og naturorganisasjon, og anna organisasjonstype³. Enkelte organisasjonar vart kategorisert innan fleire organisasjonstypar. Sjå kapittel 5) Vedlegg. Undersøkinga vart sendt ut til tillitsvalde og tilsette i organisasjonane sine fylkeslag / regionale lag. Det var berre mogleg for éin person frå kvar organisasjon å svare på undersøkinga.

Datainnsamlinga vart gjennomført av seksjon for statistikk, kart og analyse ved bruk av programmet SurveyXact. Mottakarane vart informert om at svara ville bli handsama anonymt. Avdeling for kultur, idrett og inkludering fekk først tilgang på resultatane etter at datasettet var anonymisert.

Undersøkinga gjekk føre seg i perioden 30. november til 15. desember 2020. Spørjeskjema vart distribuert via e-post til 95 mottakarar den 30. november. Den 8. desember vart det sendt ut e-postpåminning til 66 mottakarar som ikkje hadde svart på undersøkinga. Den 11. desember vart det sendt ut ei ny e-postpåminning til 39 mottakarar. Undersøkinga vart avslutta 15. desember. Tre mottakarar vart sletta, då undersøkinga ikkje var relevant for dei⁴. Avslutningsvis og før analyse av data, vart datasettet anonymisert.

Resultatkapittelet inneheld svar frå dei respondentane som heilt eller delvis har svart på undersøkinga. Resultata frå dei lukka spørsmåla i undersøkinga er presentert i svarfrekvenstabellar produsert i SurveyXact. Alle svara frå dei opne spørsmåla er lest gjennom og analysert av ein medarbeidar frå avdeling for kultur, idrett og inkludering. Svara er inndelt etter tema og nøkkelsitata er presentert mot slutten av kapittel 4.

² Vi har brukt svaralternativa «Svært enkelt, enkelt, utfordrande, svært utfordrande, ikkje relevant» og «Svært einig, einig, ueinig, svært ueinig, ikkje relevant».

³ Gjeld m.a. humanitære, mangfalds-, interesseorganisasjonar mfl. Sjå distribusjonslista under kapittel 5) Vedlegg.

⁴ Det gjeld Bergen og Omland Friluftsråd, Fjordane Friluftsråd og Friluftsrådet Vest.

Metodediskusjon

Respondentutvalet

Spørjeundersøkinga vart sendt ut til tillitsvalde og tilsette i organisasjonane sine fylkeslag / regionale lag. Undersøkinga vart sendt ut til 92 mottakarar, som representerer regionale frivillige organisasjonar. Distribusjonslista (sjå vedlegg) vart laga med utgangspunkt i regionale organisasjonar som har fått tilskot via Vestland fylkeskommune. Vi gjekk også gjennom Frivillighet Norge si nettside med liste over alle tilslutta frivillige organisasjonar, og la til organisasjonane som har eit regionalt ledd i Vestland fylke i distribusjonslista. E-postadresser til organisasjonane fann vi via nettsidene til dei regionale organisasjonane. Det vil vere frivillige regionale organisasjonar som ikkje har mottatt spørjeundersøkinga, då Vestland fylkeskommune ikkje har oversikt over heile frivillig sektor. Lokale frivillige organisasjonar utan eit fylkeslag / regionalt lag har heller ikkje mottatt undersøkinga.

Fleire av spørsmåla omhandla lokallaga sin situasjon. I tolkinga av resultatata er det derfor viktig å merke seg at svara er eit uttrykk for fylkes-/regionallaga sin kjennskap til lokallaga. Respondentane vart bedt om å svare på spørsmåla utifrå den oversikta og erfaringa dei har på fylkes-/regionnivå. Er det stor variasjon i situasjonen til lokallaga, kan det vere vanskeleg for fylkes-/regionlaga å gje eit eintydig svar. Svara til dei regionale laga kan då representere eit «gjennomsnitt» for alle lokallaga, eller vere eit bilde på korleis det står til for majoriteten.

Svaralternativa

Vi brukte svaralternativa «svært enkelt, enkelt, utfordrande, svært utfordrande, ikkje relevant» og «svært einig, einig, ueinig, svært ueinig, ikkje relevant». Det er bevisst ikkje lagt inn eit midtstilt svaralternativ for «anten - eller». Dette for å tvinge respondentane til å velje side. Nokre respondentar gav tilbakemelding om at dette gjorde det vanskeleg å svare på nokre av spørsmåla.

Gjennomføringstidspunkt

Undersøkinga vart gjennomført på slutten av eit år som grunna korona-pandemien har vore alt anna enn normalt. Frivillig sektor har vore ramma av pandemien og restriksjonar. Det er derfor vanskeleg å gjennomføre ei spørjeundersøking der svara representerer ein «normal» situasjon. Formålet med undersøkinga har ikkje vore å kartlegge korleis korona-pandemien har påverka frivillig sektor. Vi forventar at dette er ein mellombels situasjon. Spørjeskjemaet inneheld i innleiinga ein spørsmålspakke knytt til korona. I resten av spørsmåla i undersøkinga bad vi respondenten svare utifrå ein normal situasjon / tida etter korona-pandemien.

4) Resultat

Kven er respondentane?


Undersøkinga vart sendt ut til tillitsvalde og tilsette i organisasjonane sine fylkeslag / regionale lag (sjå vedlegg). Det var berre mogleg for éin person frå kvar organisasjon å svare på undersøkinga. Undersøkinga vart distribuert til 92 mottakarar. Fordelinga mellom ulike organisasjonstypar er tilnærma lik for distribusjonslista og dei som har svart på undersøkinga. Flest organisasjonar var kategorisert som kulturorganisasjonar og barne- og ungdomsorganisasjonar. Idrett-, friluft- og naturorganisasjonar var den minste gruppa. 70 prosent av alle mottakarane har svart heilt eller delvis på undersøkinga. Det er små variasjonar i svarprosenten mellom ulike organisasjonstypar. Høgst svarprosent er i kategoriane «idrett-, friluft- og naturorganisasjonar» og «andre organisasjonar», sjå Tabell 1.

Tabell 1

	Kultur- organisasjonar	Barne- og ungdoms- organisasjonar	Idrett-, friluft- og naturorganisasjonar	Andre organisasjonar	Totalt
Fordeling					
Mottakarar	41 [43 %]	40 [42 %]	19 [23 %]	31 [33 %]	92 ⁵ [100 %]
Respondentar	26 [41 %]	27 [42 %]	14 [22 %]	22 [34 %]	64 [100 %]
Svarprosent					
Ikkje svart	15 [37 %]	13 [32,5 %]	5 [26 %]	9 [29 %]	28 [30 %]
Har svart	26 [63 %]	27 [67,5 %]	14 [74 %]	22 [71 %]	64 [70 %]
-Nokre svar	0 [0 %]	1 [3 %]	1 [5 %]	2 [6 %]	3 [3 %]
-Gjennomført	26 [63 %]	26 [65 %]	13 [68 %]	20 [65 %]	61 [66 %]

⁵ Undersøkinga var distribuert til 95 mottakarar. Tre mottakarar var sletta, da undersøking ikkje var relevant for dei. Alle tabellar i resultatavsnittet vil vise resultatata frå 92 mottakarar og 64 respondentar.


Om lag 30 prosent av respondentane representerer ein organisasjon med geografisk nedslagsfelt i heile Vestland. Vidare har om lag 30 prosent geografisk nedslagsfelt i tidlegare Sogn og Fjordane og nesten 30 prosent i tidlegare Hordaland. Det er ulik geografisk representasjon mellom dei ulike organisasjonstypane, sjå Figur 1.




Figur 1: Det geografiske nedslagsfelt til organisasjonane delt på organisasjonstype.

Når det gjeld tal lokallag tilknytt fylkeslaget/regionlaget er fordelinga tilnærma lik mellom dei ulike organisasjonstypane, men kategorien «andre organisasjonstypar» skil seg noko ut ved å ha færre lokallag enn snittet, sjå Figur 2.

Det er stor variasjon i tal medlemmer i fylkeslaget/regionlaget. Idrett-, friluft- og naturorganisasjonar er overrepresentert i gruppa med flest medlemmer, og andre organisasjonar er overrepresentert i gruppa med færrest medlemmer, sjå Figur 3.



Figur 2: Tal lokal lag fordelt på organisasjonstype.



Figur 3: Tal medlemmer fordelt på organisasjonstype.

Diskusjon: Kven er respondentane?

Dei frivillige organisasjonane representerer eit stort mangfald når det gjeld føremål, aktivitet og storleik. Mange organisasjonar har ein tradisjonell oppbygnad, med lokallag, fylkeslag/regionlag og sentralledd. Enkelte manglar regionledd, og desse organisasjonane er ikkje representert i undersøkinga. Vi ser at organisasjonar med aktivitetar innan m.a. kulturarvområdet og historie-/sogelag er underrepresentert i undersøkinga, då dei har få eller ingen regionale ledd.

Undersøkinga er ikkje sendt ut til alle dei 53 særiddrettskretsane innan Vestland idrettskrets, men berre til idrettskretsen. Den er heller ikkje sendt ut til dei fleste av dei 63 regionale organisasjonane tilknytt paraplyen Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) Vestland. Dette for å få eit meir balansert utval i undersøkinga, då dette er svært store grupper.


Vi har valt å dele inn i fire organisasjonstypar i undersøkinga, kulturorganisasjon, barne- og ungdomsorganisasjon, idrett-, friluft- og naturorganisasjon og andre organisasjonar. Dette for å kunne sjå om det finst ulikskapar i svara mellom dei ulike organisasjonstypane. Ein del organisasjonar har føremål og aktivitetar som gjer at vi har plassert dei under fleire kategoriar av organisasjonstypar, sjå distribusjonslista under vedlegg.

Vi bad organisasjonane om å legge inn kva geografisk område dei representerer, kor mange lokallag dei har og tal medlemer. Vi har ikkje gjort særlege analysar av svara i undersøkinga kryssa mot geografi eller organisasjonane sin storleik.

Som det står i metodediskusjonen i kapittel 2, er det ei utfordring at respondentane er tillitsvalde og tilsette i organisasjonane sine fylkeslag / regionale lag, medan fleire spørsmål handla om lokallaga sin situasjon. I tolking av resultatane er det då viktig å ta med seg at svara er eit uttrykk for fylkes-/regionallaga sin kjennskap, oversikt og erfaring frå lokallaga.


Frivillig sektor og korona

Stort sett alle organisasjonane har opplevd korona-pandemien som utfordrande eller svært utfordrande, både på lokalt og regionalt nivå. Vidare har organisasjonane opplevd det som utfordrande å gjennomføre aktivitetar under pandemien. Sjå Figur 4



Figur 4: Svarfordeling på korleis korona-pandemien har påverka organisasjonane.

Eit positivt funn er at 54 prosent trur det skal bli svært enkelt eller enkelt å gå tilbake til ein normalsituasjon, etter at pandemien er over. Blant idrett-, friluft- og naturorganisasjonane er det flest som ser positivt på framtida, og blant kulturorganisasjonane er det flest som trur det blir utfordrande å gå tilbake til ein normalsituasjon, etter pandemien. Sjå Figur 5.



Diskusjon: Frivillig sektor og korona

Undersøkinga viser svært tydeleg at organisasjonane har opplevd korona-pandemien som utfordrande. Dette heng truleg saman med nedstenginga av store delar av den frivillig aktiviteten sidan midten av mars 2020. Det er likevel eit lyspunkt at over halvparten svarar at det blir enkelt eller svært enkelt å gå tilbake til ein normalsituasjon. Vi skal likevel vere obs på at 44 prosent meiner at det blir utfordrande gå tilbake til ein normalsituasjon, og at det er variasjon i svara mellom organisasjonstypene.

Korona-krisa vil etterlate mange spørsmål og utfordringar: Kva langtidseffektar vil vi få når det gjeld rekruttering, inkludering, opplæringstilbod, aktivitetar og tillitsvalde? Korleis halde på eksisterande og rekruttere nye medlemmer og deltakarar i organisasjonane og aktivitetane? Korleis sikre økonomien til dei frivillige organisasjonane?

Kva område opplever organisasjonane som mest utfordrande?

Samla sett er rekruttering og inkludering dei to områda som skil seg mest ut. Det er flest organisasjonar som svarar at dei opplever desse områda som utfordrande eller svært utfordrande. Over 60 % svarar at organisasjonen sin økonomiske situasjon er utfordrande.

Det er tre område som skil seg ut positivt, med flest svar på «svært enkelt / enkelt». Det gjeld tilgang på lokale/arenaer, kompetanse blant tillitsvalde og handtering av at enkelte ikkje kan delta grunna dårleg økonomi. Sjå Figur 6.


Diskusjon: Utfordringar i frivillige organisasjonar

I figur 6 har vi forsøkt å samle flest moglege område som organisasjonane kan oppleve som enkle eller utfordrande i ein graf. Dette for å gje eit oversiktsbilde.

Ein stor andel svarar at rekruttering av medlemmer generelt og rekruttering til verv er utfordrande eller svært utfordrande. Inkludering av etniske minoritetar og menneske med nedsett funksjonsevne blir også sett på som utfordrande eller svært utfordrande av mange av organisasjonane. Ein del organisasjonar peikar også på økonomi som ei utfordring. Dette leier oss inn på nokre interessante spørsmål:

- Skal vi anta at medlemstalet vil gå ned i organisasjonane framover?
- Har organisasjonane for høge forventningar og mål når det gjeld rekruttering av medlemmer?
- Bør dei frivillige organisasjonane og det offentlege legge betre til rette for rekruttering og opplæring av tillitsvalde?
- Har organisasjonane god nok kunnskap og føresetnader til å inkludere minoritetar?
- Kva barrierar finst i organisasjonar, kulturar og samfunnet som hindrar inkludering og deltaking?
- Korleis legge til rette for at organisasjonane kan få styrka økonomi?

Vi bør også merke oss dei positive svara knytt til kompetanse blant tillitsvalde, tilgang til lokale/arenaer og handtering av at enkelte ikkje kan delta grunna økonomi.




Figur 6: Svarfordeling på spørsmålet om i kva grad organisasjonane opplever følgjande område som enkelt eller utfordrande.

Rekruttering

Alle organisasjonstypene har høgsvarprosent som meiner at rekruttering er utfordrande. Samla sett svarar 78 prosent at det er utfordrande eller svært utfordrande med rekruttering av medlemmer generelt, og 82 prosent svarar at det er utfordrande eller svært utfordrande med rekruttering av medlemmer til verv. Sjå Figur 6.


Når det gjeld rekruttering av medlemmer generelt ligg barne- og ungdomsorganisasjonar og idrett-, friluft- og naturorganisasjonar litt betre an enn dei andre organisasjonstypene. Sjå Figur 7.

Når det gjeld rekruttering av medlemmer til verv er fordelinga relativt lik, men kulturorganisasjonar og idrett-, friluft- og naturorganisasjonar svarar litt meir negativt på dette spørsmålet. Sjå Figur 7.



Figur 7: Svarfordeling på spørsmålet om i kva grad organisasjonane opplever rekruttering som enkelt eller utfordrande fordelt på organisasjonstype.

Tre påstandar om rekruttering blei testa ut i undersøkinga. 89 prosent av respondentane er svært einig eller einig i at dei frivillige i organisasjonen også er medlemmer i organisasjonen. 56 prosent er svært einig eller einig i at dei legg til rette for at ikkje-medlemmer òg kan bidra som frivillige. 34 prosent er svært einig eller einig i at fleire mottar lønn og honorar no enn for ti år sidan. Sjå Figur 8.



Figur 8: Svarfordeling på spørsmålet "Ta stilling til følgjande påstandar" knytt til rekruttering.

Diskusjon: Rekruttering

Alle organisasjonstypene melder om at rekruttering av medlemmer og medlemmer til verv er eit utfordrande område, og det er kulturorganisasjonane som ser dette som mest utfordrande. Kan strukturelle forskjellar mellom organisasjonstypene, som storleik, profesjonalitet og i kva grad det eksisterer nettverk og samhandling mellom organisasjonane vere med å forklare noko av variasjonen? Er rekruttering eigentleg problemet eller at organisasjonane ikkje tilbyr aktivitetar som blir etterspurt?

I følgje figur 8 svarar halvparten at dei legg til rette for at dei som vil kan vere frivillige utan å vere medlemmer. Samtidig svarar svært mange at dei frivillige er også medlemmer i organisasjonen. Dette leiar oss fram til følgjande spørsmål: Legg organisasjonane godt nok til rette for frivillige som ikkje ønskjer å vere medlemmer? Kan ein vere medlem utan å vere frivillig? Kan svekka medlemsgrad bli ei demokratisk utfordring for organisasjonane, då demokratiske rettar heng saman med medlemskap?

Inkludering og deltaking


Samla sett svarar 64 prosent at det er utfordrande eller svært utfordrande med inkludering av etniske og kulturelle minoritetar, og 56 prosent svarer at det er utfordrande eller svært utfordrande med inkludering av menneske med nedsett funksjonsevne. Sjå Figur 9.

Barne- og ungdomsorganisasjonar og andre organisasjonstypar gir meir positive svar når det gjeld inkludering av etniske og kulturelle minoritetar og menneske med nedsett funksjonsevne. Sjå Figur 9.

Tre påstandar om inkludering blei testa ut i undersøkinga. Berre 26 prosent av respondentane er svært einig eller einig i at organisasjonen har god rekruttering av medlemmer med nedsett funksjonsevne og medlemmer med annan etnisk og kulturbakgrunn enn norsk. Heile 84 prosent er svært einig eller einig i at alle som vil kan delta uavhengig av personleg økonomi.


Det er noko forskjell i svara mellom ulike organisasjonstypar. Kulturorganisasjonane ser ut til å ha det vanskelegast med rekruttering av medlemmer med nedsett funksjonsevne og medlemmer med annan kulturell bakgrunn enn norsk. Barne- og ungdomsorganisasjonar ser ut til å ha det enklast med deltaking uavhengig av personleg økonomi.

Organisasjonstypane «andre organisasjonar» ser generelt ut til å ha mindre utfordringar enn dei andre organisasjonstypane med inkludering av menneske med annan kulturbakgrunn enn norsk og av menneske med nedsett funksjonsevne. Sjå Figur 10.




Figur 9: Svarfordeling på spørsmålet om i kva grad organisasjonane opplever inkludering som enkelt eller utfordrande fordelt på organisasjonstype.


Uten filter




Organisasjonstype = [Kulturorganisasjon]



Organisasjonstype = [Barne- og ungdoms-organisasjon]





Figur 10: Svarfordeling på spørsmålet "Ta stilling til følgende påstandar» knytt til inkludering og deltaking.

Diskusjon: Inkludering og deltaking

Undersøkinga viser tydeleg at inkludering av etniske og kulturelle minoritetar og menneske med nedsett funksjonsevne er utfordrande for organisasjonane. Deltaking uavhengig av personleg økonomi blir av dei alle fleste sett på som enklare. Kulturorganisasjonane og idrett-, friluft- og naturorganisasjonane melder om dei største utfordringane med inkludering, medan «andre organisasjonar» er dei som melder om minst utfordringar. Dette kan henge saman med at ein del innan «andre organisasjonar» har humanitært eller interessepolitisk formål.


Spørsmål til diskusjon: Korleis kan vi styrke organisasjonane sitt arbeid med å inkludere fleire med nedsett funksjonsevne og annan kulturbakgrunn enn norsk? Kvifor melder enkelte organisasjonstypar om større utfordringar med inkludering enn andre?

I folkehelseoversikta for Vestland⁶ er sosial og økonomisk ulikskap trekt frem som ei hovudutfordring. Vi ser ei auke i barn som bur i familiar med vedvarande låg inntekt. I dette perspektivet er det eit positivt funn at stort sett alle organisasjonane melder at dei er einig eller svært einig i at alle som vil kan delta i aktivitetane i organisasjonen, uavhengig av personleg økonomi. Her har vi kanskje ein styrke som er viktig å utvikle vidare? Tyder dette på at dei økonomiske verkemidla i det offentlege og i organisasjonane legg godt til rette for deltaking uavhengig av økonomi? Eller kan dette vere ei skjult utfordring for dei frivillige organisasjonane?

⁶ https://www.vestlandfylke.no/globalassets/statistikk-kart-og-analyse/rapportar-og-analysar/rapportar-og-analysar-etter-tema/folkehelse-integrering-likestilling-mangfald/rapport_vestland-folkehelseoversikt_2019_231.pdf

Tilgang til lokale og arenaer

Svara fordeler seg om lag 50/50 når det gjeld organisasjonane si oppleving av tilgang til eigna lokale og arenaer for aktivitetane. Nokre fleire av organisasjonane opplever utfordringar med at det er for dyrt å leige og drifte lokale/arenaer for aktivitetane. Sjå Figur 11.



Figur 11: Svarfordeling på spørsmålet "Ta stilling til følgande påstandar" knytt til tilgang på lokale og arenaer.


Diskusjon: Tilgang på lokale og arenaer

At respondentane deler seg om lag 50/50 når det gjeld organisasjonane si oppleving av tilgang til lokale og arenaer og kostnader med å leige og drifte lokale/arena, kan vere eit uttrykk for stor lokal variasjon. Tilgang til og kostnader med lokale og arenaer kan vere ei stor utfordring for organisasjonar i nokre kommunar, og enklare i andre. Vidare er det stor variasjon i organisasjonane sine behov for lokale og arenaer, avhengig av aktivitetane.

Sjølv om svara på spørsmålet ikkje er eintydige og vi kan anta lokal variasjon kan vi stille oss nokre spørsmål: Korleis legge betre til rette for god og nokolunde lik tilgang til eigna lokale og arenaer for aktivitet frå kommune til kommune? Korleis kan vi redusere frivilligheita sine kostnader med å leige arenaer/lokale? Korleis kan vi styrke økonomien til dei organisasjonane som er eigar av bygg, anlegg og arenaer?

Synleggjering

Det er flest organisasjonar som opplever synleggjering gjennom lokale eller regionale nyheitsmedia som det mest utfordrande (74 prosent). Til samanlikning er det 39 prosent som synest det er utfordrande med synleggjering gjennom sosiale media. Heile 69 prosent synes det er svært enkelt eller enkelt å drive internt informasjonsarbeid ut mot eigne medlemmer. Sjå Figur 12.



Figur 12: Svarfordeling på spørsmålet om i kva grad organisasjonane opplever synleggjering som enkelt eller utfordrande.


Diskusjon: Synleggjering

Figur 12 viser at organisasjonane opplever synleggjering gjennom nyheitsmedia som mest utfordrande, og har færre utfordringar med sosiale medium og internt informasjonsarbeid. Dette tyder på at den informasjonen som organisasjonen styrer sjølv (sosial medium og internt infoarbeid) er enklare å handtere.

Det kan vere nyttig å diskutere vidare korleis dei frivillige organisasjonane kan bli meir synlege, spesielt i lokale og regionale nyheitsmedia, då dette kan verke positivt inn på både rekruttering, inkludering og økonomi.

Samarbeid

Svara fordeler seg om lag 50/50 når det gjeld organisasjonane si oppleving av samarbeidet med kommunane, kommunale einingar, fylkeskommunen og andre frivillige organisasjonar. Mange organisasjonar svarar at dei opplever samarbeid med privat næringsliv som utfordrande, både lokalt og regionalt. På spørsmåla knytt til samarbeid har 8 til 18 prosent svart «ikkje relevant». Dette er den høgst svarprosenten gjennom heile undersøkinga. Sjå Figur 13.



Figur 13: Svarfordeling på spørsmålet om i kva grad organisasjonane opplever samarbeid som enkelt eller utfordrande.

Diskusjon: Samarbeid

Om lag halvparten av organisasjonane svarar at dei opplever samarbeidet med kommune, fylkeskommune og andre organisasjonar som enkelt, og halvparten svarar at det er utfordrande. Her er organisasjonane bedt om å svare både utifrå dei lokale medlemslaga og fylkeslaget/regionlaget. Truleg vil det ligge store lokale variasjonar knytt til svara på vegne av dei lokale medlemslaga.

Samarbeid mellom frivilligheita og det offentlege er interessant fordi det offentlege ofte gir økonomisk støtte til organisasjonane. Det offentlege kan også tilby lokale og arenaer for aktivitet, dei kan invitere til frivillig innsats knytt til offentlege oppgåver og dei kan bruke organisasjonane som samarbeidspart i utforminga av tenester og politikk. Spørsmålet blir då korleis vi kan legge best mogleg til rette for eit godt samarbeid – på frivilligheita sine premisser?


Samarbeidet mellom dei frivillige organisasjonane er også interessant. Aktuelle spørsmål er: Korleis kan organisasjonane dele erfaringar og kompetanse? Korleis kan organisasjonane samle seg for å drive påverknadsarbeid?

Mange av respondentane opplever samarbeidet med privat næringsliv som utfordrande, aller mest på regionalt nivå. Privat sektor er ein viktig bidragsytar for frivilligheita gjennom sponing, og enkelte stiller med gratistenester ved bygging og rehabilitering av kulturbygg, idrettsarenaer, friluftsanlegg o.l. Korleis kan vi styrke dette samarbeidet vidare på ein måte som tar i vare etiske omsyn og er i tråd med organisasjonane sine føremål?

Vi skal merke oss at relativt mange svarar «ikkje relevant» på spørsmåla om samarbeid.

Kompetanse, nettverk og møteplassar

64 prosent av respondentane uttrykker eit behov for å utvikle kompetansen hos dei som er engasjert i organisasjonen på fylkes- og regionalt nivå. Vidare har 68 prosent uttrykt eit behov for faglege møteplassar og nettverk med andre frivillige organisasjonar i fylket/regionen. Sjå Figur 14.



Figur 14: Svarfordeling på spørsmålet som organisasjonane sine behov knytt til kompetanse, nettverk og møteplasser.

Ei analyse av svara i dei opne spørsmåla knytt til dette temaet viser at den tydelegaste tilbakemeldinga frå organisasjonane er eit ønskje om fleire møteplassar for frivillig sektor i form av seminar, konferansar, erfaringsutveksling o.l. Vidare melder fleire organisasjonar at dei ønskjer å opprette regionale kulturråd og/eller frivilligråd.

Under følgjer nokre utvalde sitat som støttar opp under dette:

«Etablere eit regionalt kulturråd, støtta økonomisk av Vestland fylke med driftsmidlar. Kulturrådet bør arbeide for å styrkja samarbeidet mellom alle frivillige lag og organisasjonar innanfor kulturområdet, og vera eit felles talerøyr for det frivillige kulturlivet, mot politikarar, offentlege myndigheiter og organisasjonar i kulturlivet. Rådet bør og arbeide for-, og ha fokus på gode rammevilkår for det frivillige kulturarbeidet i fylket.»

«Bedre nettverkstankegang. Fylket burde organisere og gjennomføre en konferanse for frivillige organisasjoner.»

«Regionale frivillighetskonferanser hvor man kan knytte nettverk med organisasjoner i hele fylket.

Felles kompetansebaser for å dele informasjon om søknader, gjennomføring, oversikt over leverandører og aktører etc.»

«Regionale nettverk - slik at eks organisasjonar i Bergensområdet kan samarbeide om ulike utfordringar, og stå saman.»

«Regionale sentra som samorganiserar. Det handlar nok og noko om å vera målretta i val av samarbeidspartnarar. Dela erfaringar om rekrutteringsarbeid, som kan vera ganske likt i ulike organisasjonar.»

«Flere møteplasser i regi av Fylkeskommunen :)»

Diskusjon: Kompetanse, nettverk og møteplassar

Dei regionale frivillige organisasjonane melder om eit tydeleg behov for møteplassar, nettverk og arenaer for å auke kompetansen. Tekstsvara på dei opne spørsmåla vitnar om det same, og inneheld ønskje og forventningar til Vestland fylkeskommune.

Spørsmål til vidare diskusjon: Korleis kan vi bruke funna frå denne undersøkinga i arbeidet med å heve kompetansen? Korleis styrke samarbeidet og nettverket mellom dei frivillige organisasjonane, gjennom berekraftige og solide strukturar og på organisasjonane sine eigne premissar? Kva forventningar ligg til fylkeskommunen og kva ligg til dei frivillige organisasjonane? Korleis kan fylkeskommunen svare ut utfordringane og forventningane gjennom m.a. strategi for frivillig sektor og regional plan for kultur?

5) Vedlegg

Vedlegg 1: Spørjeskjema

Vestland fylkeskommune er interessert i å få vite meir om frivillig sektor

Vi ønskjer å vite noko om organisasjonane sine styrkar og svakheiter innan rekruttering, inkludering, synleggjering og andre område.

Denne undersøkinga er sendt ut til tillitsvalde eller tilsette i organisasjonane sine fylkeslag / regionale lag. Fleire av spørsmåla vil likevel handle om aktiviteten i dei lokale medlemslaga. Vi vil at du svarar på spørsmåla utifrå den oversikta og erfaringa du har på fylkes/regionnivå.

Svara frå undersøkinga skal nyttast som del av arbeidet med å lage kunnskapsgrunnlag om frivillig sektor og frivilligstrategi for Vestland. Svara dine er viktige for dette arbeidet!

Undersøkinga er sendt ut i ei tid der korona-pandemien påverkar frivillig sektor og samfunnet elles sterkt. Vi ber om at du svarar på spørsmåla utifrå ein normal situasjon / tida framover i organisasjonen etter korona.

Det tek omlag 20 minutt å svare på undersøkinga. Svara dine vert mellomlagra, slik at du har høve til å avslutte undersøkinga og starte på igjen og sende den endeleg inn på eit seinare tidspunkt.

Alle svara blir handsama anonymt.

Kva geografisk nedslagsfelt har organisasjon din?

- Heile Vestland fylke
 Tidlegare Sogn og Fjordane fylke
 Tidlegare Hordaland fylke
 Anna område (spesifiser): _____

Kor mange medlemmer har fylkeslaget / regionlaget ditt?

Kor mange lokallag har fylkeslaget / regionlaget?

I kva grad opplever organisasjonen din følgjande område som enkelt eller utfordrande?

Legg inn svaret ditt med utgangspunkt i organisasjonen sitt fylkeslag/regionlag og dei lokale medlemslaga. Tenk ein "normalsituasjon", utan utfordringar knytt til korona.

	Svært enkelt	Enkelt	Utfordrande	Svært utfordrande	Ikkje relevant
Synleggjering av aktiviteten og organisasjonen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Organisasjonen sin økonomiske situasjon	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Rekruttering av medlemmer	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Rekrutting av medlemmer til verv	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Å få folk til å jobbe dugnad	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Tilgang til lokale / arenaer til aktivitetane	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kompetanse blant tillitsvalde i organisasjonen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Tilgang til faglege møteplassar / nettverk med andre organisasjonar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Byråkrati / papirarbeid knytt til drifta av organisasjonen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Inkludering av etniske og kulturelle minoritetar i aktivitetane	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Inkludering av menneske med nedsett funksjonsevne i aktivitetane	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Å handtere at enkelte ikkje kan delta pga. personleg økonomi	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Korona-pandemien sin påverkad på organisasjonen din

	Svært enkelt	Enkelt	Utfordrande	Svært utfordrande	Ikkje relevant
Korleis har dei lokale medlemslaga i organisasjonen din opplevd korona-pandemien?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Korleis har fylkeslaget / regionleddet i organisasjonen din opplevd korona-pandemien?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Korleis har det vore å gjennomføre aktivitetar i organisasjonen din under korona-pandemien?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Korleis blir det å gå tilbake til ein normal-situasjon, etter at korona-pandemien er over?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Resten av spørsmåla i undersøkinga ber vi deg svare på utifrå ein normal situasjon / tida framover i organisasjonen etter korona.

Rekruttering av frivillige. Ta stilling til følgjande påstandar:

	Svært einig	Einig	Ueinig	Svært ueinig	Ikkje relevant
Dei som er frivillige i organisasjonen min er også medlemmer i organisasjonen.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Organisasjonen min legg til rette for at dei som vil kan vere frivillige utan å vere medlemmer.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Fleire mottar løn og honorar i organisasjonen min lokalt og regionalt no enn for ti år sidan.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Har du utfyllande kommentarar som gjeld frivilligheit, medlemskap og løn/honorar?

Inkludering og deltaking. Ta stilling til følgjande påstandar:

	Svært einig	Einig	Ueinig	Svært ueinig	Ikkje relevant
Organisasjonen min har god rekruttering av medlemmer med annan etnisk og kulturell bakgrunn enn norsk.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Organisasjonen min har god rekruttering av medlemmer med nedsett funksjonsevne.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Alle som vil kan delta i aktivitetar i organisasjonen min, uavhengig av personleg økonomi.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Har du utfyllende kommentarar som gjeld inkludering og deltaking?

Tilgang til lokale og arenaer for aktivitet. Ta stilling til følgjande påstandar:

Det er utfordrande for lokallaga i organisasjonen min å få tilgang til eigna lokale / arenaer for å gjennomføre aktivitetane sine.

Det er dyrt for lokallaga i organisasjonen min å leige eller drifte lokale / arena for aktivitetane sine.

Har du utfyllende kommentarar som gjeld lokale og arenaer for aktivitet?

Synleggjing av organisasjonen og aktivitetane

Kor enkelt/utfordrande er det for organisasjonen å vere synleg gjennom lokale eller regionale nyheitsmedia (aviser, radio, TV, nett)?

Kor enkelt/utfordrande er det for organisasjonen å vere synleg gjennom sosiale media (Facebook, Instagram, SnapChat, YouTube, TikTok, etc.)?

Kor enkelt/utfordrande er det for organisasjonen å drive internt informasjonsarbeid ut mot egne medlemmer (nettsider, e-post, telefon, interngupper i sosiale media etc.)?

Har du utfyllende kommentarar som gjeld synleggjing?

Samarbeid med andre

Kor enkelt/utfordrande er det for dei lokale medlemslaga å få til samarbeid med kommunane og kommunale einingar (t.d. skule, kultur, helse)?

Kor enkelt/utfordrande er det for fylkeslaget/regionlaget ditt å få til samarbeid med fylkeskommunen?

Kor enkelt/utfordrande er det for dei lokale medlemslaga å få til samarbeid med andre frivillige organisasjonar?

Kor enkelt/utfordrande er det for fylkeslaget/regionlaget ditt å få til samarbeid med andre frivillige organisasjonar i fylket / regionen?

Kor enkelt/utfordrande er det for dei lokale medlemslaga dykkar

å få til samarbeid med privat næringsliv?

Kor enkelt/utfordrande er det for fylkeslaget/regionlaget ditt å få til samarbeid med privat næringsliv?

Har du utfyllende kommentarar og/eller eksempel på samarbeid?

Kompetanse, nettverk og faglege møteplassar

Kor stort behov har organisasjonen for å utvikle kompetansen hos dei som er engasjert i fylkeslaget / regionalt?

Kor stort behov har organisasjonen for faglege møteplassar og nettverk med andre frivillige organisasjonar i fylket / regionen?

Har du utfyllende kommentarar som gjeld kompetanse, nettverk og fagleg møteplassar i fylket / regionen?

Korleis kan frivilligheita i Vestland få tettare samarbeid og styrke kvarandre (samarbeidsformer, regionale nettverk / paraplyar m.v.)?

Har du andre kommentarar / innspel til Vestland fylkeskommune?

Takk for svaret ditt, og for at du er med å bidra til kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor i Vestland fylke!

Har du spørsmål eller innspel utover denne undersøkinga, ta kontakt med Åge Avedal seniorrådgjevar

Seksjon for kunst- og kulturutvikling
Avdeling for kultur, idrett og inkludering

Vedlegg 2: Distribusjonslista

Organisasjon	Kulturorganisasjonar	Barne- og ungdoms-organisasjonar	Idrett-, friluft- og naturorganisasjonar	Andre
Barne- og u.org.				
4H Hordaland	Ja	Ja	Ja	Nei
4H Sogn og Fjordane	Ja	Ja	Ja	Nei
Acta Hordaland	Nei	Ja	Nei	Nei
Acta Sogn og Fjordane	Nei	Ja	Nei	Nei
Bjørgvin krets av Norges KFUK-KFUM	Ja	Ja	Nei	Nei
Bjørgvin krets av Norges KFUK-KFUM speidere	Nei	Ja	Ja	Nei
CISV Sogn og Fjordane	Nei	Ja	Nei	Ja
CISV Hordaland	Nei	Ja	Nei	Ja
De unges orkesterforbund Hordaland	Ja	Ja	Nei	Nei
Elevorganisasjonen Vestland	Nei	Ja	Nei	Ja
Frelsesarmeens barn og unge, FABU	Nei	Ja	Nei	Ja
Haugaland krets av KFUK-KFUM speidere	Nei	Ja	Ja	Nei
Haugaland krets av Norges KFUK-KFUM	Ja	Ja	Nei	Nei
Hordaland barne- og ungdomssjakk	Nei	Ja	Nei	Nei
Hordaland krins av Norges speiderforbund	Nei	Ja	Ja	Nei
Hordaland Røde Kors ungdom	Nei	Ja	Nei	Ja
Hordaland ungdom mot EU	Nei	Ja	Nei	Ja
Hyperion vest	Ja	Ja	Nei	Nei
JUBA, Hordaland krets	Nei	Ja	Nei	Nei
KFUK-KFUM Sogn og Fjordane	Ja	Ja	Nei	Nei
KRIK Vestland	Nei	Ja	Ja	Nei
Laget NKSS	Nei	Ja	Nei	Nei

Miljøagentene i Vestland	Nei	Ja	Ja	Nei
NLM Region Vest	Nei	Ja	Nei	Nei
NMSU Bjørgvin	Nei	Ja	Nei	Nei
Ryvarden krins av N. speiderforbund	Nei	Ja	Ja	Nei
Skeiv ungdom Hordaland	Nei	Ja	Nei	Ja
Skeiv ungdom Sogn og Fjordane	Nei	Ja	Nei	Ja
Sogn og Fjordane krins av Norges KFUK-KFUM speidere	Nei	Ja	Ja	Nei
Søndagsskolen Bergen krets	Nei	Ja	Nei	Nei
Søndagsskolen Karmsund- Sunnhordaland	Nei	Ja	Nei	Nei
Ung i kor vest	Ja	Ja	Nei	Nei
Ung kyrkjesong vest	Ja	Ja	Nei	Nei
Ungdomsutvalet i Hordakrinsen	Nei	Ja	Ja	Nei
Vestland Natur og ungdom	Nei	Ja	Ja	Nei
Kulturorganisasjonar				
AKKS Bergen	Ja	Nei	Nei	Nei
Bergen og Hordaland Sangerforbund	Ja	Nei	Nei	Nei
Bjørgvin kirkesangforbund	Ja	Nei	Nei	Nei
Dans uten grenser	Ja	Nei	Nei	Nei
Folkeakademiet Hordaland	Ja	Nei	Nei	Nei
Folkeakademiet Sogn og Fjordane	Ja	Nei	Nei	Nei
Fortidsminneforeininga Hordaland	Ja	Nei	Nei	Nei
Fortidsminneforeininga Sogn og Fjordane	Ja	Nei	Nei	Nei
Hordaland bygdekvinnelag	Ja	Nei	Nei	Ja
Hordaland folkemusikklag	Ja	Nei	Nei	Nei
Hordaland fylkeskystlag	Ja	Nei	Ja	Nei
Hordaland husflidslag	Ja	Nei	Nei	Nei
Hordaland mållag	Ja	Nei	Nei	Nei
Hordaland ungdomslag	Ja	Ja	Nei	Nei
Norges korforbund Hordaland	Ja	Nei	Nei	Nei

Norges korforbund Sogn og Fjordane	Ja	Nei	Nei	Nei
Norges musikkorpsforbund Hordaland	Ja	Nei	Nei	Nei
Norges musikkorpsforbund Nordvest	Ja	Nei	Nei	Nei
Norske Trekkspilleres Landsforbund Vestland	Ja	Nei	Nei	Nei
Pensjonistforbundet Hordaland	Ja	Nei	Nei	Ja
Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	Ja	Nei	Nei	Ja
Seniordans Norge Hordaland	Ja	Nei	Nei	Nei
Seniordans Norge Sogn og Fjordane	Ja	Nei	Nei	Nei
Sogn og Fjordane bygdekvinnelag	Ja	Nei	Nei	Ja
Sogn og Fjordane folkemusikklag	Ja	Nei	Nei	Nei
Sogn og Fjordane husflidslag	Ja	Nei	Nei	Nei
Sogn og Fjordane mållag	Ja	Nei	Nei	Nei
Sogn og Fjordane Sangerforbund	Ja	Nei	Nei	Nei
Sogn og Fjordane symfoniorkester	Ja	Nei	Nei	Nei
Sogn og Fjordane ungdomslag	Ja	Ja	Nei	Nei
Vestnorsk jazzsenter	Ja	Nei	Nei	Nei
Idrett-, friluft- og naturorganisasjonar				
Bergen og Hordaland Turlag	Nei	Ja	Ja	Nei
Bergen og Omland Friluftsråd	Nei	Nei	Ja	Nei
Fjordane Friluftsråd	Nei	Nei	Ja	Nei
Friluftsrådet Vest	Nei	Nei	Ja	Nei
Naturvernforbundet Sogn og Fjordane	Nei	Nei	Ja	Nei
Naturvernforbundet, Hordaland	Nei	Nei	Ja	Nei
Norges Jeger og Fiskeforening, Hordaland	Nei	Nei	Ja	Nei
Norges Jeger og Fiskeforening, Sogn og Fjordane	Nei	Nei	Ja	Nei
Sogn og Fjordane Turlag	Nei	Ja	Ja	Nei
Vestland idrettskrets	Nei	Ja	Ja	Nei
Folkehelse-, humanitære-, sivilsamfunns- og mangfaldsorganisasjonar				
Folkeuniversitet i Vestlandet	Nei	Nei	Nei	Ja

FRI – Foreningen for kjønns- og seksualitetsmangfold	Nei	Nei	Nei	Ja
Hordaland Røde Kors	Nei	Nei	Nei	Ja
Kirkens Bymisjon	Nei	Nei	Nei	Ja
Nasjonalforeningen for folkehelsen	Nei	Nei	Nei	Ja
Norges handikapforbund NordVest	Nei	Nei	Nei	Ja
Norges handikapforbund SørVest	Nei	Nei	Nei	Ja
Norges kvinne- og familieforbund Bergen og Midthordaland krets	Nei	Nei	Nei	Ja
Norges kvinne- og familieforbund Sogn og Fjordane krins	Nei	Nei	Nei	Ja
Redd Barna region Vest	Nei	Nei	Nei	Ja
Redningsselskapet Region Vest	Nei	Nei	Nei	Ja
Sogn og Fjordane Røde Kors	Nei	Nei	Nei	Ja
Batteriet Vest	Nei	Nei	Nei	Ja
Bergen Internasjonalt Kultursenter	Ja	Nei	Nei	Ja
FN-Sambandet Vest	Nei	Nei	Nei	Ja
Minotenk	Nei	Nei	Nei	Ja
Raftostiftelsen	Nei	Nei	Nei	Ja
SEIF Selvhjelp for Innvandrere og Flyktninger	Nei	Nei	Nei	Ja
Stiftelsen Robin Hood Huset	Nei	Nei	Nei	Ja

vestlandfylke.no